



LINDÅS KOMMUNE

# 1. Kvartalsrapport 2019

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



# **Innhold**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	2
1 Innleiing .....	3
2 Økonomisk status sentrale postar .....	3
2.1 Skatt og rammetilskot .....	3
2.2 Generelle statstilskot .....	4
2.3 Eigedomsskatt .....	4
2.4 Renteinntekter og utbytte .....	4
2.5 Premiefond og premieavvik pensjon .....	4
2.8 Disposisjonsfond .....	5
3 Økonomisk status tenesteområda .....	8
3.1 Politisk styring .....	8
3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar .....	8
3.3 Oppvekst .....	8
3.4 Pleie og omsorg .....	8
3.5 Helse og sosial .....	8
3.6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk .....	8
3.7 Variabel løn .....	9
4 Årsverk og Sjukefråvere .....	9
5 Budsjettvedtak 2018 – verbaldel .....	12
6 Framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet og status for prosjekta .....	12
6.1 Status for investeringsprosjekta .....	12
7 Vedlegg rekneskapsskjema .....	16
8 Finansrapport .....	18
8.1 Bankinnskot .....	18
8.3 Langsiktig plassering .....	19
8.4 Lånegjeld .....	20

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar).
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2019 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk, jmf. punkt 6.1.
5. Det vert gjennomført låneopptak per 1 halvår 2019 på kr 100 000 000 knytt til generelle investeringar og kr 35 000 000 knytt til sjølvkostområdet vatn og avløp. Låna skal ha flytande pt. rente og 30 års nedbetalingstid.
6. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

## 1 INNLEIING

Økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 syner økonomisk status pr. 31. mars og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 31.3. 2019.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Lindås kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. kvartal og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt. Det blir i 2019 gitt rapportering om økonomisk status på kvart formannskapsmøte.

I følgje ”Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning” skal administrasjonssjefen minst to gongar i året leggja fram rapporter for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som ein del av dei økonomiske statusraportane.

## 2 ØKONOMISK STATUS SENTRALE POSTAR

ref.	TABELL 1 - Sentrale postar	Prognose avvik 2019	Framlegg om justering	Prognose med justering
	<b>Sentrale postar</b>			
2.1	Skatt og rammetilskot			0
2.2	Generelle statstilskot	2 500	-2 500	0
2.3	Eigedomsskatt	2 300	-2 300	0
2.4	Renteinntekter og utbytte	5 900	-5 900	0
2.5	Premiefond og premieawik pensjon	2 067	-2 067	0
2.6	Rente- og avdragsutgifter	6 000	-6 000	0
2.7	Rente og avdragsinntekter frå sjølvkost			0
2.8	Asetjing til disposisjonsfond		-8 733	0
	<b>Sum sentrale postar</b>	<b>18 767</b>	<b>-27 500</b>	<b>0</b>
1)	Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.			

Rammene for drift av dei kommunale tenestene vert mellom anna lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponibele sentrale inntekter.

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Dei fleste av desse har vi liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som set rammene for den kommunale drifta.

Samla prognose for 2019 syner eit positivt avvik på 18 767 000 kr for dei sentrale postane, og rådmannen vil i dei kommande punkta kommentere avvika.

### 2.1 Skatt og rammetilskot

Oppdatert prognosemodell for skatt og rammetilskot med korrekt folketall per januar 2019 synar ei prognose for 2019 i samsvar med budsjett.

## **2.2 Generelle statstilskot**

Generelle statstilskot er per 1. kvartalsrapport 2,5 mill. kr høgare enn budsjettet, grunna høgare tal busetting av flyktninger enn budsjettet.

## **2.3 Eigedomsskatt**

Utskreve eigedomsskatt for 2019 syner 2,3 mill. kr høgare eigedomsskatt enn budsjettet.

## **2.4 Renteinntekter og utbytte**

Renteinntekter og utbytte for 2019 er 5,9 mill. kr høgare enn budsjettet. Dette skuldast at det vart utbetalt 5,9 mill. kr høgare utbytte frå BKK enn budsjettet.

## **2.5 Premiefond og premieavvik pensjon**

Premiefond og premieavvik pensjon er per 1. kvartal om lag 2 mill høgare enn budsjettet. Dette skuldast at det vart høgare premieavvik (kostnad) i 2018 og amortiseringa (inntekstføringa) i 2019 vert difor tilsvarande høgare.

## **2.6 Rente- og avdragsutgifter**

Prognosene for renteutgifter og avdrag er 6 mill. kr lågare enn budsjett per 1. kvartal 2019. Av dette skuldast lågare renteutgifter 2 mill. kr og avdragsutgifter 4 mill. kr. Årsaken til dette er at investeringsbudsjettet synar trøng for 100 mill. kr lågare lånepoptak i 2019 i tillegg til at lånepoptaket vert lågare per fyste halvår enn budsjettet. Lånet som vert teken opp i desember 2019 vil ikkje ha effekt på rekneskapen før i 2020.

## **2.7 Rente- og avdragsinntekter frå sjølvkost**

Investeringsbudsjettet for vann og avløp (sjølvkostområda) vil bli justert i samband med 2. tertialrapport, noko som vil påverke rente- og avdragsinntekter frå sjølvkostområdet. Prognosene for både investeringsbudsjettet og rente/ avdragsinntekter vil bli oppdatert per 2. tertial da det først på dette tidspunktet blir gjort lånepoptak i samsvar med reelt finansieringsbehov. Endringane i sjølvkost vil ikkje ha effekt på driftsresultatet.

## 2.8 Disposisjonsfond

Etter rådmannen sitt framlegg til sentral saldering, vil kommunen ha ein status på det generelle disposisjonsfondet som følgjer:

Disposisjonsfond - generelt	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	93 066
Disponert tomt rundkjøring Knarvik	-202
Havnesamarbeid	-200
Forstudie ny barnehage KO 045/16	-241
Avsetjing vedteke budsjett	11 955
Egenkapitaltilskot KLP	-3 500
Sambandet Vest AS- avvikling av selskap	-10
Båtrute Indre Osterfjord	-98
Trafikksikringstiltak Eikanger skule KO 07	-500
Avsetnad per 1. kvartalrapport	-8 733
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>91 537</b>

\* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt

Status disposisjonsfond – premieavvik:

Disposisjonsfond - premieavvik	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	104
Amortisering premieavvik for 2017	
Budsjettert avsetning premieavvik (2018)	
Korrigert avsetning for 2018 jfr. 2. tertialrapport	
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>104</b>

\* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt

Status infrastrukturfond:

Disposisjonsfond - infrastruktur	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	9 040
Bruk vedteke budsjett	0
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>9 040</b>

Status trafikksikringsfond:

Disposisjonsfond - trafikksikringsfond	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	4 693
Budsjettert bruk av trafikksikringsfond	-500
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>4 193</b>

Status næringsfond:

Næringsfond	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	4 744
Overført frå disposisjonsfond	
Vedtatte tilskot i 2016,2017 og 2018 som ikkje er utbetalt	-2 191
Vedtatte tilskot i 2019	-2 120
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>433</b>

I tillegg er det fatta vedtak til utbetaling i perioden 2019-2021 på kr 689

Disposisjonsfond - langsiktig plassering, fond for mindreavkastning	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	20 000
Avsetning for mindreavkastning, langsiktig plassering	
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>20 000</b>
Det er plassert 100 mill langsiktig jfr. Kommunestyrevedtak.	
Se kapittel for finansrapport for mer informasjon	

<b>Disposisjonsfond - langsiktig plassering</b>	
Fond pr. 1.1.2019	100 000
Budsjettert fond pr 31.12.19	<b>100 000</b>
<b>Disposisjonsfond - nærmiljø og friluftsanlegg</b>	
Fond pr. 1.1.2019	2 000
Budsjettert fond pr 31.12.19	<b>2 000</b>
<b>Disposisjonsfond - kulturminnefond</b>	
Fond pr. 1.1.2019	875
Budsjettert fond pr 31.12.19	<b>875</b>
<b>Disposisjonsfond - regionalt kulturhus og/eller badeanlegg i Knarvik</b>	
Fond pr. 1.1.2019	10 000
Budsjettert fond pr 31.12.19	<b>10 000</b>
<b>Utviklingsfond Knarvik</b>	
Fond pr. 1.1.2019	8 700
Budsjettert fond pr 31.12.19	<b>8 700</b>

Netto driftsresultat 2019:

Netto driftsresultat:	Budsjett 2019	
	etter 1. kvartalsrapport	Budsjett 2019
Brutto driftsresultat	-46 819	-67 452
Avskrivninger	-45 528	-45 528
Netto renteutgift	8 761	16 661
Netto avdrag på lån	56 499	60 499
<b>Netto driftsresultat:</b>		
Netto driftsresultat	-27 087	-35 820
Premieawik	31 860	31 860
Usikker inntekt		
Pliktig momskomp (60%)		
Bruk av bundet fond	-7 351	-7 351
Bruk av disposisjonsfond	-750	-750
Bruk av tidlegare års overskot		
Avsetning til bundet fond	37	37
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>-3 291</b>	<b>-12 024</b>
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>0,2 %</b>	<b>0,9 %</b>

Det vert anbefalt at Norske kommunar har eit netto driftsresultat på over 1,75%, men grunna høg inntekt frå eigedomsskatt bør Lindås kommune ligge langt høgare enn dette. Lindås kommune har dei siste åra overført 31 mill. kr av inntektene frå eigedomsskatt til investeringsrekneskapen, noko som påverkar netto driftsresultat positivt. Det er svært viktig at Lindås kommune held fram med å ha målsetnad om høg avsetnad til

disposisjonsfond og høgt netto driftsresultat for på kort sikt å kunne handtere uventa driftsendringar eller eit rentenivå som er høgare enn budsjettet.

I 2019 var det i vedteken økonomiplan lagt opp til ein avsetnad til disposisjonsfond på 0,8% og eit korrigert netto driftsresultat på 0,9%. Per 1. kvartal er korrigert netto driftsresultat 0,2% for 2019.

### 3 ØKONOMISK STATUS TENESTEOMRÅDA

ref.	TABELL 2 - Tenesteområda	Just. budsj. netto dr.utg.	Prognose avvik 2019	Framlegg om justering	Prognose med justering
3.1	Politisk styring		0	0	0
3.2	Administrativ styring, støttefunksjonar		0	0	0
3.3	Oppvekst		-1 850	1 850	0
3.4	Pleie og omsorg		-16 000	16 000	0
3.5	Helse og sosial		350	-350	0
3.6	Samfunnsutvikling og kommunalteknikk		0	0	0
	Alle tenesteområda variabel lønn 13. mnd				
3.7	belastning 2019		-10 000	10 000	0
	<b>Sum tenesteområda</b>	<b>0</b>	<b>-27 500</b>	<b>27 500</b>	<b>0</b>

1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.

Prognosene synar eit samla avvik på 17,5 mill kr i meirforbruk på drifta per 1. kvartal 2019 i tillegg til 10 mill. kr knytt til korrigering av tidsforskyving av variabel timeløn. Meir om dette under punkt 3.7.

#### 3.1 Politisk styring

Politisk styring er per 1. kvartal i samsvar med budsjett for 2019.

#### 3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar

Administrativ styring er per 1. kvartal i samsvar med budsjett for 2019.

#### 3.3 Oppvekst

Tenesteområde oppvekst har per 1. kvartal for 2019 eit meirforbruk på 1,85 mill. kr. Av dette skuldast 1,5 mill. kr utgifter innan barnevern knytt til 4. kvartal 2018. I tillegg vert det overført 0,35 mill. kr til utgiftar knytt til busetting av born frå integreringstilskotet som er budsjettert under NAV.

#### 3.4 Pleie og omsorg

Under tenesteområde pleie og omsorg er det eit meirforbruk på 16 mill. kr per 1. kvartal i 2019. Dette skuldast same situasjon for tenesteområdet som det var hausten 2018. I forhold til belegg på sjukeheimen har det sidan haust 2018 har vore naudsynt å opne opp for fleire plasser enn tidligare. Per juni 2019 er situasjonen framleis den same. Innan heimetenesta er det fleire vedtakstimer og brukarar enn budsjettert. Innan eining for funksjonshemma er det ein auke i vedtak knytt til avlastning, i tillegg til at det er ein auke i vedtakstimar knytt til fleire brukarar.

#### 3.5 Helse og sosial

Tenesteområdet helse og sosial er per 1. kvartal i samsvar med budsjett for 2019, og det vert overført 0,35 mill. kr frå intergreringstilskotet som er budsjettert under NAV til oppvekst, der det er trøng for auka ressursar knytt til opplæring for framadspråklige elevar.

#### 3.6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Tenesteområdet samfunnsutvikling og kommunalteknikk er per 1. kvartal i samsvar med budsjett for 2019.

### 3.7 Variabel løn

I Lindås kommune har variabel løn for til desember (som vert utbetalt i januar året etter) blitt belasta i det året det har blitt utbetalt. Det betyr at det har vore ein tidsforskyving i rekneskapsføringa i den variable lønen og at det kvarter år har blitt belasta 12 måneders variabel løn, men at den eine månaden har vore knytt til året før. Dette er ikkje ein korrekt måte å handtere variabel løn på, og Lindås kommune bør rette opp i dette før vi går inn i Alver.

For å rette opp i dette må Lindås kommune belaste 13 måneders variabel løn i 2019. Totalt utgjer variabel løn inkl. sos 10 mill kr.

## 4 ÅRSVERK OG SJUKEFRÅVERE

### Arsverk

I kollonna for budsjett er det dei faste stillingane som er lagt inn i det opprinnelige budsjettet som vert presentert. Årsverka som er presentert i kollonna for 1. kvartal og 2. tertial er faktisk brukte årsverk. Dette vil seia at vikarar ikkje vert teke med, heller ikkje ekstrahjelp eller andre engasjement.

Oversynet er utarbeidd på einingsnivå, og vert presentert politisk pr tenesteområde:

Tenesteområde	Budsjett 2018	1. kvartal 2018	2. tertial 2018	Budsjett 2019	1. kvartal 2019	Avvik frå budsjett	% av totale årsverk
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	54	50	59	62	61	-1	6 %
3 Oppvekst	433	440	432	402	407	5	36 %
4 Pleie og omsorg	364	361	364	368	375	7	33 %
5 Helse og sosial	100	101	108	113	111	-2	10 %
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	160	155	154	163	156	-6	15 %
Sum tenesteområda (2-6)	1 111	1 106	1 116	1 107	1 110	3	100 %

Mindreforbruket på 1 stillingar under administrativ styring og støttefunksjonar skuldast vakante stilling. Det vil ikkje bli gjort tilsetting i denne stillinga, då behovet for ressursar blir sett opp mot behovet for Alver kommune.


Under oppvekst synar tabellen at er det eit meirforbruk på 5 stillingar innan oppvekst. Meirforbruket er i hovudsak innan skule og er knytt til særskilte tiltak for skuleåret 2018/2019. Meirforbruket er finansiert av ledige midler og refusjonar.

Under pleie og omsorg er det samla eit meirforbruk på 7 stillingar, knytt til auke i vedtak og brukarar under tenesteområdet. I tillegg til meirforbruk med eigne ressursar, vert det nytta vikarbyrå og vikarer som ikkje er med i oversynet.

Under helse og sosial er det eit mindreforbruk på 2 årsverk per mars. Dette skuldast vakante stillingar i hovudsak knytt til fysio- ergoterapi og hjelpemiddellager.


Under tenesteområdet samfunnsutviklig og kommunalteknikk er det eit mindreforbruk på 6 stillingar per mars. Dette skuldast vankante stillingar under alle einingane på tenesteområdet. Det er per dd. gjort tilsetting i vakante stillingar innan NH brann og redning, og samla er det 2,5 stillingar under tenesteområdet som per dd. er vakant.

## Sjukefråver:




## Egenmeldt fråvær

### Egenmelding




## Langtidsfråvær

### Langtidsfråvær



# Korttidsfråvær

## Korttidsfravær



## 5 BUDSJETTVEDTAK 2018 – VERBALDEL

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av økonomiplanen to verbapunkt. Status for desse vert rapportert her:

Budsjettvedtak 2019 - verbapunkt	Kommentar 2019
9. Lindås kommune bidrar til lopprettthalting av båtrute innre Osterfjord vd å løyve kr 97.500 som årleg driftstilskot. Midla vert å ta frå disposisjonsfond.	Er tatt med i oversynet over disposisjonsfond
10. Lindås kommune løyver kr 150.000,- til vidare arbeid med haldningsskapande arbeid, trafikksikring i Lindås og gjennom TSU. Midla vert å ta frå trafikksikringsfond	Er innabeidd i oversynet over status trafikksikringsfond

## 6 FRAMLEGG TIL JUSTERINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET OG STATUS FOR PROSJEKTA

### 6.1 Status for investeringsprosjekta

Rådmannen legg fram status for investeringsprosjekta i kvart formannskapsmøte, og den skriftlige rapporteringa vert gjort i samband med 1. kvartalsrapportering, 2. tertialrapportering og i samband med årsekneskapen og årsmeldinga kvart år.

I 2019 er det budsjettet med låneopptak på generelle investeringar og til sjølvkostområdet, vatn og avløp. Det justerte oversynet per 1. kvartal over investeringar synar endra framdrift på fleire av investeringsprosjekta samanlikna med vedteken investeringsbudsjett. Oversynet under viser kva investeringsprosjekt som har endra framdrift, i tillegg til at det kjem fram behov for ny investering og auka ramme. Desse prosjekta er merka med raud tekst og kjem klart fram av oversynet under.

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2019	Rekneskap 31.3.2019	Ikke nytta midlar	Prognose	Endring
Trafikksikring Eikanger skule	2 500	2 000		2 000	2 500	-500
Uteområde Leiknes skule	2 500				2 500	-2 500
Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpende	1 200		1 200	1 400	-200
Sum Brann		400	0	0	1 250	-850
Planlegging Knarvik		3 000	1 011	1 989	4 000	-1 000
Digitalt kartverk		470		470	1 100	-630
Digital scanning arkiv					1 000	-1 000
<b>Sum auka i ramme per mars 2019</b>		<b>7 070</b>	<b>1 011</b>	<b>5 659</b>	<b>13 750</b>	<b>-6 680</b>

Det er vedteken bruk av 0,5 mill. kr av disposisjonsfondet knytt til trafikksikringstiltak for Eikanger skule. I tillegg mottek vi 2 mill. kr i tilskot frå MISA. Bruk av disposisjonsfond og tilskot frå MISA er tatt inn i oversynet over finansiering av investeringar.

Uteområdet på Leiknes skule må utbetrast, jmf orienteringar i formannskapet. Oversynet over investeringar er oppdatert med prognosert ramme.

Det er trong for 0,2 mill høgare ramme for investering institusjon og omsorgsbustader. Tiltaka som er planlagt gjennomført er kjøkken Ostertun, møbler på sjukeheimen og ombygging Såtabu.

Investeringsramma for brann er foreslått auka med 0,1 mill kr i 2019. Følgjande investeringar er planlagt for 2019:

- testutstyr for masker, meis og utstyr knytt til røykdykking
- Nye kjemikaliedrakter.
- Nye vaskemaskiner og tørkeskap. Dette utstyret blir nytta av alle avdelingane.

I tillegg er den ubrukte investeringssummen frå 2018 knytt til kjøp av ny bil på kr 750.000 nytta i 2019. Total trøng for investeringsramme for brann i 2019 vert 1,25 mill kr.

For planlegging Knarvik er prognosene 4 mill. kr i 2019. Det er totalt sett ikkje eit meirforbruk, då vi flyttar kr 1 mill. kr frå 2022 til 2019. Framdrifts sendringa er knytt til delprosjektet offentlige byrom som er eit viktig grunnlag i utbyggingsavtalane.

Det er trøng for å auke ramma for digitalt kartverk med 0,63 mill. kr grunna innkjøp av nyt GPS-utstyr.

For prosjektet digitalt byggesaksarkiv er det trøng for ei tilleggsramme på 1 mill. kr til å scanne planar, landbruks saker og kart. Det er viktig at dette vert prioritert slik at Lindås kommune er på same nivå som Meland og Radøy når vi går inn i Alver.

Oversynet på neste side viser framdrifts sendringane per prosjekt.

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2019	Rekneskap 31.3.2019	Ikkje nytta midlar	Prognose	Endring
Investering administrasjonsbygg	Løpende	2 000	22	1 978	2 000	0
<b>Sum administrasjonsbygg (delsum)</b>		<b>2 000</b>	<b>22</b>	<b>1 978</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>
Ny Alversund barneskule inkl hall	294 500	171 000	77	170 923	65 000	106 000
Ny alversund barneskule Infrastruktur /veg/ VA og kulturmiljø	22 000	22 000		22 000	22 000	0
Tomt ny Alversund barneskule og infrastruktur	31 500	31 500	12 988	18 512	31 500	0
Knarvik barneskule inkl hall	235 000	35 500	14 502	20 998	34 000	1 500
Oppgradering av Eikanger skule	3 000	3 000	19	2 981	3 000	0
<b>Trafiksikring Eikanger skule</b>	<b>2 500</b>	<b>2 500</b>		<b>2 500</b>	<b>2 500</b>	<b>0</b>
Ny Eikanger skule	115 000	1 000		1 000	1 000	0
Tomt Eikanger skule				0		0
Leikeplassutstyr	Løpende	250	12	238	250	0
Påbygg Leiknes skule	23 600	3 100	2 523	577	3 100	0
<b>Uteområde Leiknes skule</b>	<b>2 500</b>			<b>2 500</b>	<b>-2 500</b>	
Investering skulebygg	Løpende	5 000	743	4 257	5 000	0
<b>Sum skulebygg (delsum)</b>		<b>274 850</b>	<b>30 864</b>	<b>243 986</b>	<b>169 850</b>	<b>105 000</b>
Utstyr idrettsanlegg	Løpende	200	110	90	200	0
Investering Kultur og idrett	Løpende	200	74	126	200	0
Hall Ostereidet	81 000	20 000	356	19 644	7 000	13 000
<b>Sum kultur og idrett (delsum)</b>		<b>20 400</b>	<b>540</b>	<b>19 860</b>	<b>7 400</b>	<b>13 000</b>
<b>Ny barnehage Lindås</b>	<b>69 900</b>	18 000	591	17 409	15 000	3 000
Investering barnehagebygg	Løpende	1 000		1 000	1 000	0
<b>Sum barnehagebygg (delsum)</b>		<b>19 000</b>	<b>591</b>	<b>18 409</b>	<b>16 000</b>	<b>3 000</b>
Nye bustader rus og psykiatri	13 700	3 280		3 280	3 280	0
Utstyr omsorgsteknologi		800		800	800	0
Investering bustader	Løpende	2 000	2	1 998	2 000	0
<b>Sum helse og sosial (delsum)</b>		<b>6 080</b>	<b>2</b>	<b>6 078</b>	<b>6 080</b>	<b>0</b>
<b>Investering institusjon og omsorgsbustader (delsum)</b>		<b>1 200</b>		<b>1 200</b>	<b>1 400</b>	<b>-200</b>
Bufellesskap	25 300	6 130		6 130	4 000	2 130
Bil med rullestolrampe, avlastningsavdelinga		600		600	600	0
Takheiser sjukeheim/funksjonshemma	350	244		106	350	0
<b>Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)</b>		<b>8 280</b>	<b>244</b>	<b>8 036</b>	<b>6 350</b>	<b>1 930</b>
Kyrkjelag fellesråd		500	500	0	500	0
Gravplass Lindås		10 000		10 000	10 000	0
<b>Sum kyrkjelag fellesråd (delsum)</b>		<b>10 500</b>	<b>500</b>	<b>10 000</b>	<b>10 500</b>	<b>0</b>
<b>Sum vann</b>		<b>29 000</b>	<b>13 688</b>	<b>15 312</b>	<b>37 200</b>	<b>-8 200</b>
<b>Sum avløp</b>		<b>42 500</b>	<b>1 390</b>	<b>41 110</b>	<b>32 500</b>	<b>10 000</b>
<b>Sum veg</b>		<b>15 300</b>	<b>1 799</b>	<b>16 500</b>	<b>15 300</b>	<b>0</b>
<b>Sum Brann</b>		<b>400</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 250</b>	<b>-850</b>
Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpende	1 500		1 500	1 500	0
Offentlige pålegg	Løpende	5 000	197	4 803	5 000	0
Breibandprosjekt		5 000	3 134	1 866	5 000	0
Mobilprosjekt		2 250		2 250	2 250	0
<b>Planlegging Knarvik</b>		<b>3 000</b>	<b>1 011</b>	<b>1 989</b>	<b>4 000</b>	<b>-1 000</b>
Utbygging Knarvik	56 000	28 000	690	27 310	28 000	0
Grunnverv Knarvik sentrum		8 000		8 000	8 000	0
Utbygging Storemyra		25 000	8 609	16 391	25 000	0
Prestelva		500	10	490	500	0
Innløsing tomter Knarvikplan		10 000	9 369	631	9 369	631
Digitalt kartverk		470		470	<b>1 100</b>	<b>-630</b>
Digital scanning arkiv					<b>1 000</b>	<b>-1 000</b>
Mindre tomekjøp/ grensejusteringar		2 000		2 000	2 000	0
Nettbrett til skulelevar		1 000		1 000	1 000	0
IKT-anlegg		3 000	270	2 730	3 000	0
Egenkapitallinnkot KLP		3 500		3 500	3 500	0
<b>Sum andre tiltak</b>		<b>98 220</b>	<b>23 290</b>	<b>74 930</b>	<b>100 219</b>	<b>-1 999</b>
<b>Brutto investeringar</b>		<b>526 530</b>	<b>72 930</b>	<b>456 199</b>	<b>404 649</b>	<b>121 881</b>

### Finansieringsbehov

FINANSIERINGSBEHOV	2 019
Brutto investeringar	404 649
Avdrag på formidlingslån	18 000
<b>Formidling av Husbanklån</b>	<b>55 000</b>
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>477 649</b>

<b>FINANSIERING</b>		<b>Budsjett 2019</b>
<b>Lån</b>		
Husbanklån		55 000
Generelle investeringar		215 955
Avløpsrenseanlegg		44 300
Vassverk		27 200
<b>Sum låneopptak</b>		<b>342 455</b>
Motekne avdrag på formidlingslån		18 000
<b>SUM EKSTERN FINANSIERING</b>		<b>360 455</b>
<b>Anna finansiering</b>		
Driftsfinsansiering (forskriftsbestemt)		55 490
Driftsfinsansiering eigedomsskatt		31 379
Trafikksikringsmidler Eikanger skule Misa		2 000
Bruk av disposisjonsfond trafikksikring Eikanger		500
Tilbakebetaling forskottering Sjurset Litlås		3 325
Disposisjonsfond KLP (driftsfinsansiering)		3 500
Tilbakebetaling forskottering Storemyra		20 000
<b>SUM INTERN FINANSIERING</b>		<b>117 194</b>
<b>SUM FINANSIERING</b>		<b>477 649</b>

Det vert gjort låneopptak per 1. halvår på om lag 50% av årets lånebehov. For generelle investeringar vert det tatt opp lån på 100 000 000 kr og for investeringane knytt til vatn og avløp vert det tatt opp lån på 35 000 000 kr. Begge låna skal ha 30 års nedbetalingstid og flytande pt. rente.

Husbank lån (startlån) er auka med 40 000 000 kr i 2019 i samsvar med eigen politisk sak.

## 7 VEDLEGG REKNESKAPSSKJEMA

Rekneskapsskjema 1A - drift	Rekneskap pr. 31.3	Reg. budsjett 2019	Oppr. budsjett 2019	Rekneskap 2018
Skatt på inntekt og formue	-132 810 729	-430 400 000	-430 400 000	-419 158 340
Ordinært rammetilskudd	-124 201 338	-440 000 000	-440 000 000	-434 284 993
Skatt på eiendom	-76 330 434	-169 100 000	-169 100 000	-169 098 613
Konsesjonskraft, avgift	-62 071	-90 000	-90 000	-235 461
Andre generelle statstilskudd	-8 909 925	-35 393 000	-35 393 000	-59 238 479
<b>Frie disponibele inntekter</b>	<b>-342 314 497</b>	<b>-1 074 983 000</b>	<b>-1 074 983 000</b>	<b>-1 082 015 885</b>
Renteinntekter og utbytte	-946 359	-27 553 000	-27 553 000	-26 677 024
Renteutg.,provisjoner og andre	3 582 676	35 921 000	35 921 000	23 265 933
Avdragsinntekter	0	-12 304 000	-12 304 000	-6 153 799
Avdrag på lån	3 357 329	60 899 000	60 899 000	43 660 746
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>5 993 646</b>	<b>56 963 000</b>	<b>56 963 000</b>	<b>34 095 856</b>
Premieavvik		-36 798 391	-36 798 391	9 017 010
Bruk av premiefond		-10 611 300	-10 611 300	-44 650 011
Pensjonsinnskot	56 552			
Til dekning av tidligere underskot				
Til ubundne avsetninger		11 954 800	11 954 800	43 456 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk				-14 065 512
Bruk av ubundne avsetninger				-2 102 228
<b>Netto avsetninger</b>	<b>56 552</b>	<b>-35 454 891</b>	<b>-35 454 891</b>	<b>-8 344 741</b>
Overført til investeringsregnskap		31 379 000	31 379 000	39 216 803
Til fordeling drift	-336 264 299	-1 022 095 891	-1 022 095 891	-1 017 047 967
Motpost avskrivningar	0			-605 721
<b>Sum til fordeling drift</b>	<b>-336 264 299</b>	<b>-1 022 095 891</b>	<b>-1 022 095 891</b>	<b>-1 017 653 688</b>
Netto driftsutgifter tenesteområda	273 585 144	1 022 095 891	1 022 095 891	1 017 653 688
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-62 679 155</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Rekneskapsskjema 1B- drift	Rekneskap pr. 31.3	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2018
1 Politisk styring	4 878 767	24 955 967	24 955 967	23 532 102
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	19 734 467	71 207 634	73 727 937	59 932 197
3 Oppvekst	95 017 108	423 007 795	422 355 818	422 249 945
4 Pleie og omsorg	94 000 559	284 482 803	283 910 466	291 342 623
5 Helse og sosial	32 723 549	103 776 062	103 260 847	99 045 151
6 Plan, samfunn og utvikling	27 230 695	114 665 630	113 884 856	121 551 671
<b>Sum tenesteområda</b>	<b>273 585 144</b>	<b>1 022 095 891</b>	<b>1 022 095 891</b>	<b>1 017 653 688</b>

Økonomisk oversyn drift	Rekneskap pr. 31.3	Justert budsjett 2019	Vedteke budsjett 2019	Rekneskap 2018
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukertilbetalinger	11 627 929	42 227 000	42 227 000	42 749 374
Andre salgs- og leieinntekter	28 509 226	88 882 000	88 882 000	84 535 678
Overføringer med krav til motyelse	27 525 943	157 995 999	154 452 999	238 796 636
Rammetilskudd	124 201 338	440 000 000	440 000 000	434 284 993
Andre statlige overføringer	10 061 840	35 393 000	35 393 000	61 893 479
Andre overføringer	115 962	0	0	392 233
Skatt på inntekt og formue	132 810 729	430 400 000	430 400 000	419 158 340
Eiendomsskatt	76 330 434	169 100 000	169 100 000	169 098 613
Andre direkte og indirekte skatter	0	40 000	40 000	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>411 183 401</b>	<b>1 364 037 999</b>	<b>1 360 494 999</b>	<b>1 450 909 344</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	192 972 994	660 743 942	666 525 346	736 791 287
Sosiale utgifter	55 234 105	161 014 309	159 467 424	178 779 912
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	46 412 253	155 323 500	155 323 500	202 114 439
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	38 283 982	263 533 652	253 226 652	211 440 080
Overføringer	15 658 804	55 441 504	57 906 985	76 037 023
Avskrivninger	0	45 528 000	45 528 000	49 154 363
Fordelte utgifter	-273 095	-44 998 674	-44 934 674	-44 404 907
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>348 289 043</b>	<b>1 296 586 233</b>	<b>1 293 043 233</b>	<b>1 409 912 198</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>62 894 356</b>	<b>67 451 766</b>	<b>67 451 766</b>	<b>40 997 146</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	946 156	19 260 000	19 260 000	18 417 516
Gevinst på finansielle instrument				882 154
Mottatte avdrag på utlån	189 247	400 000	400 000	520 347
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1 135 403</b>	<b>19 660 000</b>	<b>19 660 000</b>	<b>19 820 018</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 582 236	35 921 000	35 921 000	21 949 439
Tap på finansielle instrument				1 316 697
Avdragsutgifter	3 357 329	60 899 000	60 899 000	43 660 746
Utlån		550 000	550 000	465 237
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>6 939 565</b>	<b>97 370 000</b>	<b>97 370 000</b>	<b>67 392 119</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-5 804 162</b>	<b>-77 710 000</b>	<b>-77 710 000</b>	<b>-47 572 101</b>
Motpost avskrivninger		45 528 000	45 528 000	49 154 363
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>57 090 194</b>	<b>35 269 766</b>	<b>35 269 766</b>	<b>42 579 409</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk				14 065 512
Bruk av disposisjonsfond	170 000	750 000	750 000	4 584 740
Bruk av bundne fond	6 568 961	7 351 034	7 351 034	31 557 596
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>6 738 961</b>	<b>8 101 034</b>	<b>8 101 034</b>	<b>50 207 848</b>
Overført til investeringsregnskapet		31 379 000	31 379 000	39 216 803
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk				
Avsetninger til disposisjonsfond		11 954 800	11 954 800	43 456 000
Avsetninger til bundne fond	1 150 000	37 000	37 000	10 114 454
<b>Sum avsetninger</b>	<b>1 150 000</b>	<b>43 370 800</b>	<b>43 370 800</b>	<b>92 787 256</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>62 679 154</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 8 FINANSRAPPORT

### 8.1 Bankinnskot

Ifølgje det vedtekne finansreglementet skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året for finansområdet.

Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av dei økonomiske statusrapportane, og ikkje som eiga rapport. Ved årsslutt vert det utarbeidd eigen finansrapport.

Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik som vist i tabellen:

Kasse, bankinnskot	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap pr mars 2019
Kasse	42	46	43	17
SR-bank	419 833	359 670	318 663	289 227
<b>Sum</b>	<b>419 875</b>	<b>359 716</b>	<b>318 706</b>	<b>289 244</b>

SR-bank er kommunen sin hovudbank. Rentevilkåra på innskot etter denne avtalen er lik NIBOR 3 mnd. frå Noregs Bank + 0,3%. Pr. 31.03.2019 blir det 1,35% + 0,3% = 1,65 %.

Bankavtalen betyr ikkje at kommunen er forplikta til å plassere ledige midlar hos SR-bank.

### 8.2 Fondsplassering

Plassering i fond	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap pr mars 2019
Pluss Likviditet II fond		60 307	61 189	61 494
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>60 307</b>	<b>61 189</b>	<b>61 494</b>

I august 2017 plasserte Lindås kommune midlar i fondet Pluss Likviditet II fond. Per 01.01.2018 er fondet på 60 307 000 kr. Fondet ligg rangert på Oslo børs på tredje plass per 1 år og er rangert på fyste plass for 3 år.

Avkastning*	PLUSS Likviditet II
-hittil i år	2,0% p.a.
-mars	2,1% p.a.

### 8.3 Langsiktig plassering

I oktober plasserte Lindås kommune 100 000 000 kr langsiktig gjennom DNB asset management. Utgangen av 2018 viste ein negativ avkastning på 1,32% på plasseringane, og sidan utgangen av 2018 har avkastninga på plasseringane auka i samsvar med markedet. Frå utgangen av januar 2019 har plasseringane til Lindås kommune hatt høgare avkastning enn referanseindeksen.



Marknadsverdi på portefølgjen til Lindås kommune:

Oversyn endra marknadsverdi	NOK
Portefølgjeverdi (NOK) per 31.03.2019	102 309 215
portefølgjeverdi per 31.12.2018	98 683 303
<b>Endring</b>	<b>3 625 912</b>

Oversyn avkastning per mars 2019:

Portefølgje	Avkastning hittil 2019	
	NOK	Prosent
Bankkonto for belastning av honorar	4	0,20 %
Rentebærende papirer	777 845	1,09 %
Aksjer	2 848 063	10,64 %
<b>Totalt Forvaltet Kapital</b>	<b>3 625 912</b>	<b>3,67 %</b>

Per 06.06.2019 er avkastninga samla hittil i år 3,81%.



## 8.4 Lånegjeld

Långjevarar	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap pr mars 2019
<b>Formidlingslån</b>				
Husbanken	216 309	215 856	219 320	239 857
Kommunalbanken	4 537	4 125	4 125	3 712
<b>Andre lån</b>				
Husbanken	20 811	19 384	23 431	18 034
Kommunalbanken	948 460	1 014 125	1 280 527	1 273 738
<b>Sum lånegjeld</b>	<b>1 190 117</b>	<b>1 253 490</b>	<b>1 527 403</b>	<b>1 535 341</b>

Husbanklån (25 mill NOK) som blei tatt opp i 2010 har fast rente 3,7% i 10 år.  
 Husbanklån som blei tatt opp i 2011 (25 mill NOK) har fast rente 3,9% i 10 år. Dei andre låna i husbanken har flytande rente.

Låna i Kommunalbanken har flytande rente lik, 2,15% pr. 31.03.2019.